



## Notat

Dato: 20.02.2017  
Arkivsak: 2014/193-28  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Hovudarbeidsmiljøutvalet

---

**Frå:** Sentralt AKAN-utval

---

### Årsmelding 2016 frå sentralt AKAN-utval

Det sentrale AKAN-utvalet har i 2016 hatt dei same medlemmene som året før:

Bård Sandal	leiar/arbeidsgivarrepresentant
Helene Systad	arbeidsgivarrepresentant
Rune Stadsnes	tillitsvaldrepresentant
Mariann G. Leganger	tillitsvaldrepresentant
Jorunn Bakke Johannessen	fylkeshovudverneombod
Gro Altenau	bedriftslege
Frode Mannsåker	sekretær

Utvalet har hatt fire møte i 2016 (19. februar, 20. mai, 2. september og 25. november). Hovudsaker i møta har vore:

- Årsmelding 2015
- Handlingsplan for 2016
- Vinlotteri på arbeidsplassen
- Ny veileder i AKAN-arbeid
- Planlegging og gjennomføring av AKAN-seminar i HFK
- Sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid
- Oppnemning av medlemmar til utvalet 2017-2018
- Møteplan for 2017

AKAN-seminaret i HFK vart halde 29. november 2016, med 37 deltakarar (same tal som i 2015). Innleiar Jan Spurkeland tok for seg hovudtemaet «Den gode relasjon i det rusførebyggande arbeidet». På slutten av seminaret hadde Frode Mannsåker ein gjennomgang av det lokale AKAN-arbeidet og den nye sjekklista for slikt arbeid.

Også i 2016 har AKAN vore tema i opplæring for nye leiarar, gjennom HFK Leiarskulen, med 20 deltakar. AKAN er og fast tema i Grunnopplæring i arbeidsmiljø. I 2016 deltok ca. 45 verneombod og leiarar på desse kursa. AKAN og rusfritt arbeidsmiljø vart og nemnt på nyttilsettsamlinga 1. mars 2016, med ca. 50 deltakarar. I tillegg har bedriftslegen og medlemmer i sentralt AKAN-utval vorte kontakta og gitt rettleiing i AKAN-spørsmål.

Sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid i AMU er publisert i Kvalitetsportalen. AKAN-utvalet ser det som ei strategisk tilnærming å få aktivisert dei lokale AMUane i det rusførebyggjande arbeidet. Sjekklista vil kunne bidra til dette, saman med anna informasjonsarbeid.

Talet på formaliserte individuelle AKAN-saker i HFK var lågt også i 2016. Fem saker er registrert i Bedriftshelsetenesta. Ut frå generell statistikk er det grunn til å tru at ein del problem med rus og pengespel blant dei tilsette i HFK ikkje vert avdekka eller ikkje vert teken opp av næraste leiar.

Handlingsplanen for AKAN-arbeidet i 2016 er i hovudsak følgt opp. Status for tiltaka er markert i planen, som følgjer som vedlegg til årsmeldinga. Ny handlingsplan for 2017 ligg ved til informasjon.

Vedlegg:           Handlingsplan for 2016, ajourført pr. 31.12.2016  
                      Handlingsplan for 2017